

# Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden



80 år




40 år



## I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Leiar: Eit landemerke på Vegen	Side	2
Polentur med Aktive fredsreiser	Side	4
Barne- og ungdomssider	Side	7-9
Ny barnehage på Toftøy	Side	11
Biskopen si julehelsing	Side	16



### Eit landemerke på Vegen

Det var i 2008 me sist her i ØyNytt nemnde ein velkjend og populær kyrkjeleiar i oldkyrkja. Det skulle då haldast bispeval her i stiftet, og eg minte om korleis Nikolas av Myra vart vald til Kyrkja sitt høgste embete.

I Myra(i dag Demre)i den sørvestre delen av Tyrkia skulle det ein gong på 300-talet veljast ny biskop. «Preses» mellom bispane drøymde at den første som neste dagen gjekk inn i kyrkja, var han som skulle veljast. Han samla dei andre biskopane til bøn, og den første dei såg, var nett Nikolas(~280~345). Han sto først imot kallet, men vart ein from og audmjuk, fast og tapper biskop, streng mot synda og god mot alle.

Med minnedag 6.desember er St.Nikolas av almenn interesse no i advents-og juletida. Mykje av saga ligg nok gøymt, og mykje er legende, men her er likevel noko å ta med seg for oss:



Frå Basilica San Nicola di Bari.

\*Den mest kjende legenden knytt til St.Nikolas fortel om tre jomfruer som på grunn av fattigdom heldt på å hamne i prostitusjon.

Då St. Nikolas fekk høyre om den nauda dei var i, kasta han tre gonger på rad ein sekk med gull inn i huset deira om natten, slik at dei kunne kjøpast fri. Det er denne legenden som fann vegen til USA og vart bakgrunnen for Santa Claus. Han fann òg vegen til Norden og vart julenissen som sidan er kjend over heile verda. Difor er det truleg at vår julegävetradisjon kjem frå den snille biskopen i Myra, som seinare vart ein av dei mest populære helgnar i den kristne kyrkja.

\*Fordi St. Nikolas m.a. er skytshelgen for sjøfolk, var kyrkjene vigd til han ofte plasserte slik at dei kunne sjåast som landemerke frå sjøen. Herdla kyrkjestad er nett vigd til St.Nikolas. Øygarden utgjør jo størstedelen av det gamle Herdla Prestegjeld og Herdla kommune, og sjølv om den gamle hovudkyrkja og det gamle hovudsoknet no formelt høyrer under Askøy, er røtene framleis sterke. Lokal kyrkjesogetradisjon reknar òg med at Munkeliv, ved «Klosteret» i Bergen var vigd til St.Nikolas.

\*St.Nikolas har nok òg vore utsending til Kyrkjemøtet i Nikea i 325(i dag: Iznik) som heldt fast på den klassisk kristne trua på Jesus Kristus som sann Gud og sant menneske.

Torhild og eg var innom to hamner med sterkt St.Nikolas-preg på vår seilas med «Magnifica» i juli. Etter starten i Venezia kom me til Bari i Puglia/Sør-Italia, og så til Katakolon i det vestlege Peloponnes/Hellas. Begge plassar var vi innom den lokale St.Nikolaskyrkja saman med andre pilegrimar i bøn og ettertanke.

Som St.Johannes(sjå ØyNytt nr.5)er St.Nikolas eit stort kyrkjeideal, presteideal, kristenideal! Heller enn dagens julenisse/Santa Claus skal vi ta St.Nikolas med oss inn i jula.

For han minner oss med sitt liv om Jesus Kristus som vart menneske som oss, for å kjøpe oss fri frå synda, døden og den onde, og som vart fødd i ein stall i Bethlehem, for å-verta eit landemerke som kan vise oss Vegen heim til Himmelen.

Han minner oss òg på å vera ei sann Kristi Kyrkje, som *skin av Kristi godleik og kjærleik*.

*Lat oss difor denne advents-og julehøgtida, ja, inn i eit nytt Anno Domini(Herrens År)2012 minne kvarandre om vår kjære Frelsar og Ven Jesus, som er inderleg glad i kvar einaste ein av oss. Og lat oss be om at vi får spegle Hans kjærleik mot kvarandre!*

*Velsigna Jul og velsigna Nyår!*

Dykkar sokneprest Svenn

sokneprest@kyrkja.net

**Frist for stoff til nr 1/12 er 18.jan**



## Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden  
 Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik  
 I redaksjonen: Odd N. Thormodsæter, Hogne Berland og Anders Vik  
 Kontingent: Min. kr 125,- innan kommunen  
 Min. kr 175,- utanom kommunen  
 Takkeannonsar: kr 100,-  
 Kontonr. 3628.07.02557  
 Trykk: Bodoni  
 Distribusjon i Øyg. Hurtiglevering, tlf 9866 5329

### Kyrkjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje  
 Postadresse: Boks 144, 5331 Rong  
 Telefon: 5638 2240  
 Faks: 5638 2241  
 Vakttelefon prest: 5638 2244  
 E-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)  
 Heimesider: [www.kyrkja.net](http://www.kyrkja.net)  
 Ekspedisjonstid: måndag – fredag: 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong  
 E-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)

### Barne- og ungdomskonsulent:

Hogne Berland  
 E-post: [pedagog@kyrkja.net](mailto:pedagog@kyrkja.net)  
 Telefon: 9868 3424

### Kantor:

Anne Lise Grøm  
 E-post: [kantor@kyrkja.net](mailto:kantor@kyrkja.net)  
 Tlf. 5638 2245/9188 1208

### Sokneprest:

Svenn Martinsen  
 E-post: [sokneprest@kyrkja.net](mailto:sokneprest@kyrkja.net)  
 Tlf. 5638 2244/9506 7890

### Diakonimedarbeidar:

Björg Blom  
 E-post: [diakon@kyrkja.net](mailto:diakon@kyrkja.net)  
 Tlf. 4781 6181

### Kyrkjevevjerje:

Olav Martin Vik  
 E-post: [kyrkjevevjerje@kyrkja.net](mailto:kyrkjevevjerje@kyrkja.net)  
 Tlf. 5638 2243/9326 4400

### Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen, 911 05 197

### Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:

Janesh Amenitya 958 23 472

Blomvåg kyrkje: 5638 7022

Hjelme kyrkje: 5638 8030

### Råda:

Øygarden sokneråd og Øygarden kyrkjelege fellelråd:

Leiar: Erling Vik

Beredskapsordning for Vesthordland prosti  
 Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som for 5638 2244.



Det lyser i stille  
grender av tindrande ljøs i  
kveld. og tusende barnehender  
mot himmelen ljosa held.

Der song dei for  
fyrste gongen ved natt over  
Davids by den evige himmel-  
songen, som alltid er ung og ny.

Og glade med song dei helsar  
sin broder i himmelhall  
som kom og vart heimsens Frelsar  
som barn i ein vesal stall.

Den songen som atter tonar  
med jubel kvar julenatt  
om barnet, Guds son, vår sonar  
som døden for evig batt.

Der låg han med høy til pute  
og gret på si ringe seng,  
men englane song der ute  
på Betlehems aude eng.

Tekst: Jakob Sande  
Melodi: Lars Søråas d.y.



Tenk å vera så heldig å få lov  
til å skrive om min salme til  
jul! Det vanskeleg blir å velje  
berre ein.

Jakob Sande sin vakre salme er ein av songane  
eg lærde i barneskulen. Songen har følgt meg  
sidan og er ein av dei finast eg veit både tekst og  
melodi. Diktaren formidlar til oss det sentrale  
i julebodskapen. Kjernen i jula er ikkje gåver,  
nissar, glitter og glans, men at Gud gav oss den  
største julegåva, sin son, utan vilkår. Diktaren  
klarar med sitt enkle klare språk å lage bilete  
som både barn og vaksne forstår. Saman med den  
nydelege melodien som Lars Søråas laga uttryk-  
ker salmen ei inderleg glede og takksemnd til Gud.

Alltid når eg høyrer songen gjev den meg ro  
i sjela i ei førjulstid som ofte kan verte all for tra-  
vel med alt vi trur vi må få med oss. Eg håper at  
mange av dykk vil ta dykk tid til å gå litt saktare  
i tida fram mot jul, gjerne høyre på mange av dei  
vakre julesalmane vi har. Men først og størst er  
mitt håp om at de alle vil ta i mot, i hjarta og i liv,  
Jesus, den største julegåva vi har fått.

Med ønskje om ei fredfull jul til alle.

Til neste ØyNYtt utfordrar eg Ingebjørg  
Martinussen, ei av teamjentene vi er så heldige  
å ha i Øygarden i år.

## Gamalt bilete frå Øygarden. Rong søndagsskule 1941

Rong søndagsskule på tur i Sælsmarka – Søre Sæle, sommaren 1941.  
Borghild Sundheim var søndagsskulelæraren vår. Vi minnst Borghild med stor takksemnd.

Bileteigar: Ingrid Haugetun



Bak: 1. Konstanse Knutsen, 2. BetsyTorstevåg, 3. Ninni Kvalheim 4. Johanne Torsvik 5. Magda Olsen (skjult) 6. Hjordis Skjønhaug, 8. Aslaug Nilsen Rong 10. Jenny Olsen Rong 11. Valborg Haugetun. 2.rekke: 1. Ingrid Rasmussen, 2. Kitty Sæle, 3. Anny Rong, 4. Kristine Olsen 5. Margit jesyn Johannesen, 6. Margrethe Torsvik, 7. Margot Jakobsen. 3. rekke: 1. Helene Hauge 2. Nils Johannesen 3. Norvald Vestheim 4. Magnus Sæle 5. Gerd Haugetun 6. Klara Rong 7. Reidar Rong 8 Magnus Rong 9. Margit Helena Ådlandsvik 4.rekke: 1. Sverre Rong 2. Johan Rong (Jonnemann) 3. Olaf Olsen 4. Trygve Haugetun 5. Kjell Haugetun 6. Henrik Sæle 7. Johannes Rong Framme: 1. Ruth Alvær 2. Edel Rong 3. Milli

## UNGDOMSSKOLETUR MED AKTIVE FREDGREISER TIL POLEN

I juni 2011 reiste 10.klasse på klassesettur til Tyskland og Polen. Vi reiste sammen med noen av lærerne og noen av foreldrene våre, reisen var arrangert av Aktive Fredsreiser. Målet med turen var å besøke konsentrasjonsleirer og andre historiske steder fra 2.verdenskrig.

*Tekst: Åse Straume Lyslo og Julie Børmo. Foto: Kristina Austbø*

I flere måneder før avreise hadde vi forberedt oss på de sterke opplevelsene og den minnerike turen som ventet oss. Vi begynte å lese bøker, så filmer og i 9.klasse lærte vi om den faglige delen av 2.verdenskrig.

Det er ikke bare en dans på roser å planlegge en så stor og dyr tur, men alle gjorde en innsats for å realisere denne turen. Elevene var ivrige med å få i gang pengeinnsamlingen så fort som mulig, og begynte den for fullt i oktober. Det ble satt i gang diskotek, salg av diverse, musikal og flakseinnsamling, med foreldrene i spissen. Lærerne deltok også og hjalp til på de ulike arrangementene som ble satt i gang.



Fangeleiren

Vi var også så heldige at vi fikk med oss to tidsvitner på turen, Haldor og Elen. Haldor er fra Telavåg og har selv opplevd krigen, da han som 8 åring erfarte Telavåg tragedien. Å ha med Haldor og Elen på turen førte til at vi fikk et større innblikk i hvordan det var i Norge under krigen. I tillegg til det visste de også mye om hvordan krigen hadde påvirket resten av Europa. Vi fikk høre historier om personer som stod tidsvitnene nær, og som hadde opplevd vonde ting under krigen. Vi hadde også med oss en guide, Per, som fulgte oss gjennom hele turen. Sammen med tidsvitnene fortalte guiden oss alt vi trengte å vite om den tyske og polske historien.

Klokken 01.00 forlot vi vårt vakre hjemsted; Øygarden i en hvit 2-etasjersbuss, klare for en minneverdig tur. Trøtte, men spente var vi på vei mot våre endelige mål; Tyskland og Polen. Etter en lang og søvnlug busstur fra Bergen til Oslo gikk vi ombord på cruiseskipet «Color Fantasy». Dette var et skip med alt fra badeland til kjøpesentre, og treningssenter til spa.

Første dagen i Polen var vi klar for møte med dødsleiren Auschwitz II Birkenau og med arbeidsleiren Auschwitz I. Det sies at det døde mellom 1.2 – 1.6 millioner mennesker i Auschwitz-leirene. Av de 450.000 jødene som ble registrert, overlevde ca.65.000. Det å gå rundt i Auschwitz 66 år etter at den ble frigjort av sovjetiske soldater, gjorde veldig stort inntrykk på mange av oss. Vi fikk se barakkene der fangene bodde, vi så titusener av sko, tonnevis med hår, koffertar, klær og andre private gjenstander som engang tilhørte de menneskene som satt i leirene.

I tillegg til å besøke disse kjente konsentrasjonsleirene som de fleste av oss allerede visste om, besøkte vi også noen andre steder som lærte oss mye vi ikke visste noe av fra før. Første stopp var konsentrasjonsleiren Sachsenhausen, 35 km nord for Berlin. Det var i Sachsenhausen de fleste nordmennene ble sendt, og derfor var det denne konsentrasjonsleiren som viste oss hvordan de norske hadde hatt det.

Neste stopp var Ravensbrück, kvinneleiren. I denne leiren hørte vi om de forferdelige forholdene kvinnene hadde hatt, og alle var nok engang i sjokk over hvordan mennesker ble behandlet. Denne konsentrasjonsleiren var siste stopp, etter besøk i 4 ulike leirer, som alle hadde sin egen historie å fortelle og sitt eget inntrykk på oss. Som avslutning på disse 4 ulike besøkene ble det holdt en rørende seremoni som vi tok del i, og denne seremonien gjorde nok et inntrykk på de fleste av oss. Med roser i hendene kastet jentene hver sin rose i det idylliske vannet hvor det engang, uvirkelig nok, hadde blitt dumpet kroppar og aske.

Videre på turen besøkte vi også STASI- fengselet, som var det tidligere politiske politiet i Øst- Tyskland helt fra 1950 til 1990. Oppgavene til dette politiet var å overvåke innbyggernes liv og stoppe motstanderne mot regime. Motstanderne av regime ble bortført og fengslet i et fengsel helt isolert fra omverden, med ingen som helst anelse om hvor de var. For selv om dette fengselet nesten lå midt i storbyen Berlin, trodde fangene de ble fraktet milevis av sted, ettersom de egentlig ble kjørt rundt i byen i flere timer. Her ble vi guidet rundt på hele området, og ble fortalt om alle de ulike tortureringsmetodene som hadde blitt brukt her, alle «forsvinningene» mennesker som ble fengslet og historien til dette hemmelige politiet.



Klassen samla utenfor fangeleiren

Vi besøkte også Tysklands hovedstad, Berlin. Der fikk vi med oss Brandenburger Tor, restene av Berlin muren, Checkpoint Charlie og Riksdagsbygningen. I Polen var vi en hel dag i byen Krakow, da ble det mye souvenirshopping til oss selv, familie og venner. I Krakow fikk vi også oppleve polsk folkedans, og fikk selvsagt være med å svinge oss litt! En annen opplevelse vi fikk var å besøke de berømte saltgruvene i Polen. Den graven vi besøkte går helt tilbake til middelalderen. Nede i graven var det en katedral kalt St. Kingas Kapell, katedralen og utsmykningen der er uthogget i salt!

På vegne av 10.klasse 2010/1011 vil vi for det første takke lærerne våre som gjorde turen til den perfekte avslutning på 3 fantastiske år. Videre vil vi også takke Aktive Fredsreiser for et kjempebra opplegg som gjorde at vi fikk mye ut av de dagene vi var på tur. Selv om det ikke var en så lang tur fikk se det meste som var å se, og det var aldri kjedelig. Noe vi også setter pris på er de foreldrene vi var så heldige å få ha med på turen. Og sist, men ikke minst vil vi takke foreldrene våre som stilte opp på diskotek, musikal, flaskeinnsamling, osv.

Etter turen satt vi ikke bare igjen med kunnskaper om den dystre fortiden i den europeiske historien, men inntrykk om hvordan de forferdelige levekårene var og kampen om å overleve.

# MISJONSFEST I BLOMVÅG KYRKJE

Laurdag 19. november var det invitert til misjonsfest i Blomvåg kyrkje i regi NLM. Spesielt inviterte var Nordhordlands-musikken og Eva Djupvik frå NLM. Kyrkjerommet var for dette høvet sett opp med småbord. Meir enn hundre menneske hadde funne vegen til kyrkja denne ettermiddagen. Dei fekk m.a. med seg god song frå musikklaget og orientering om misjonsarbeidet både i Etiopia og Kenya. Flittige hender hadde laga eit flott kakebord som deltakarane sette stor ris på. Eva Djupvik orienterte om arbeidet i Etiopia og viste til den store veksten i Mekane Yesus kyrkja som no har fleire millionar medlemmer. Vekst og utvikling må ikkje minst tilskrivast dei nasjonale medarbeidarane. Erling og Olav Martin Vik kom med inntrykk frå sitt besøk i Kenya. Misjon gjer ein forskjell. Det er med og løftar livssituasjonen for folk.

Evangeliet vert forkynt og forsamlingane aukar.

Igjen synte Øygardsfolket stor gjevarlede. I offer kom det inn ca 10.000 kr til misjonen.



## VI SYNG JULA INN SØNDAG 18. DES

**Blomvåg kyrkje kl. 15:30** Andakt v/ Hogne Berland.  
Barnekantoriet, Øygardskoret, Toftøy skulemusikk  
og Anne Lise Grøm tek del

**Hjelme kyrkje kl. 18:00** Andakt v/ Hogne Berland.  
Gospel Teens, Rong skulemusikk og Anne Lise Grøm tek del.

## ADVENTS- OG JULEFESTAR

**Hellesøy bedehus: 29. des kl. 18:00.** Julefest for heile familien  
**Betania bedehus- Vestre: 29. des. kl 18.00. Julefest**  
Talar Morten Torsvik

**Blom bedehus: 11. des kl. 16:00** Adventsfest. Song ved Teamet.

**Rong bedehus: 11. des kl. 16:30** Adventsfest- andakt v/ Asle  
Hetlebakke, Utlodning, Kaffi, brus og kaffimat

**Vik bedehus: 1. januar kl. 16:00** Julefest for små og store

## KONSERTAR I BLOMVÅG KYRKJE:

**8. des kl. 19:00** i Blomvåg kyrkje Julekonsert med Rong brass

**13. des kl. 19:00** i Blomvåg kyrkje Øygarden kommune  
arrangerer Julekonsert med Endre Nordvik, Roy Vorland  
og Hege Turøy



## Innkomne Offer

### Blomvåg

31. juli	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 4451,-
14. aug	Nork Lærarakademi	kr. 3835,-
28. aug	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 5214,-
11. sept	Bergen søndagsskulekrets	kr. 8092,50,-
25. sept	NLM –Barnas Misjonsprosj	kr. 4234,50,-
9. okt	Norsk Misjon i Øst	kr. 880,-
16. okt	Gideon Bibelmisjon	kr. 1811,50,-
23. okt	TV-aksjonen	kr. 5843,-
6. nov	Den Indre Sjømansmisjon	kr. 2537,50,-

### Hjelme

10. juli	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 920,-
7. aug	Norsk Lærarakademi	kr. 1260,-
21. aug	For Bibel og Bekjennelse	kr. 2030,-
4. sept	Evangeliesenteret	kr. 2834,-
18. sept	Familie og Medier	kr. 3484,50,-
2. okt	Bergen søndagsskulekrets	kr. 4704,-
30. okt	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 3844,50,-

-din el-kontakt

**VESTGAR ELEKTRO**

Postboks 30, 5331 Rong

T: 56 38 94 73

E-post: post@vestgarelektro.no

www.vestgarelektro.no

### Kjære venner!

Det var vemodig å reise fra Oussoubidiagna! Mange møtte opp i god tid før avreise klokka sju for å ta farvel, og det var flere enn meg som måtte blunke for å holde tårene unna. Venstre hånda ble bevisst rakt frem for å si at dette er ikke endelig avskjed! For vi har vært klare på det at nå er tjenesten vår i Mali over, og det er ikke sikkert at vi vil komme tilbake.

De siste ukene ble travle med både pakking, arbeid og relasjoner. Jeg brukte mye tid sammen med den nye administratoren Elisé, som er en solid kristen og ivrig arbeider. Godt å få på plass en mann som både kan arbeidsmiljøloven og skattesystemet! Kunnskap ble overført til Møyfrid og Kristian Moskvil som overtar noen av oppgavene vi har hatt. De kom til Mali fordi Sanden trengte lærere, og nå fortsetter de som misjonærer for sju nye år. Det er vi så glade for!! (Og om det er noen som ønsker å fortsette å følge med på arbeidet i Oussou, så skriver de både blogg: [www.moskvil.woldpress.com](http://www.moskvil.woldpress.com) og fellesbrev. Anbefalt lesing!)

Jan og jentene er fortsatt i Oussoubidiagna med besøk av bestefar Kåre. Vi har stadig telefonkontakt, og de forteller om avslutningsfester og takketaler, men mer om det i neste nytt. 8. desember blir det fest på Dokka, for da kommer de hit!!

God adventstid -med mer tid med hverandre enn i butikker!

*Varme hilsner fra Elisabeth og John Kåre, Jan, Ester Kristine og Hild Elida*

**Ny adresse fra 1. januar:** Sanden, Gjerdet 2, 5334 HELLESØY

### For gaver til arbeidet:

Normisjon, Postboks 7153, St. Olavs plass, 0130 OSLO, kontonummer 1503.02.13537, merk giroen med fam Sandens arbeid eller prosjektnr. 115.70.454

### Krisehjelp i Vest-Mali

Dette året blir det ekstra vanskelig å være rik og hvit i Oussou! Derfor har Normisjon godkjent en ekstra innsamlingsaksjon for å kjøpe hirse til trengende. Så om det er noen i disse handletider som har lyst til å gi til noen som virkelig trenger det, så er kontonummeret det samme: 1503.02.13537 og kampanjenummeret 7001086. Giroen må merkes med dette nummeret!



## TAKK TIL ODD NORMANN THORMODSÆTER

Odd Normann Thormodsæter (68) har vore vikarierende kyrkjeverje i Øygarden frå 2003. Ved utgangen av november har Odd Normann sine siste formelle arbeidsdagar i Øygarden.

Det er god grunn til å retta ei stor takk til Odd Normann for jobben han har gjort. Han har vore engasjert og effektiv. Dette gjeld det daglege arbeidet, som sekretær for kyrkja sine råd men og i større prosjekt som rehabilitering av kyrkjene i Blomvåg og Hjelme.

Kyrkjeverja forvaltar ansvaret for personale, økonomi og eigedommar på vegne av kyrkja sin sine råd og fellesskapet. Dei fleste forventar at alt fungerer til ei kvar tid. Odd Normann har fylt rolla som kyrkjeverje på ein svært god måte.

I 2008 måtte Odd Normann gjennom ei periode med sjukdom og behandling. Me er takksam for at han kom tilbake til kontoret etter sjukdomsperioden.

No kan Odd Normann trekkja seg attende, litt på overtid, og nytta dagane. Det er i alle fall vårt ynskje at han får mange gode dagar framover. Enno ein gong, ei stor takk til Odd Normann for vel utført arbeid, og så vil han ha ansvaret for ØyNytt fram mot sommaren 2012. Det set me stor pris på.

Alle i staben takkar varmt for godt samarbeid og god leiing.


*Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje*



# ØYGARDSUNGDOM PÅ BIG

Fem flotte ungdommar frå Øygarden, har dette året funnen vegen til Bibelskulen i Grimstad, også kalla BiG! At fem ungdommar frå same kommune endar opp på same Bibelskule, same året, er litt spesielt. Øynytt har snakka litt med tre av dei, for å høyre korleis det er å gå på Bibelskule, kvifor dei begynte og kva forventingar dei har til året! Kanskje dei og vil anbefale andre til å gå på skulen? Ingrid Blom og Silje Vik representerer jentene frå Øygarden på skulen, medan Øyvind Hatten, Daniel Torsvik og Bernt Kristian F. Vik representerer gutane.

Stoff- og biletsamlar: Ingebjørg Martinussen



Fire av dei fem ungdommane frå Øygarden: Frå venstre: Bernt Kristian Flekstad Vik, Silje Vik, Øyvind Hatten og Ingrid Blom. (Ikkje til stades: Daniel Torsvik)

## Silje Vik 19 år:

Ein av hovudgrunnane til at eg valte å byrja bibelskule var at eg ynskjer eit år til å bli betre kjend med Gud, bli tryggare i mi tru og til å vekse i Kristus som person. Det at eg byrja på BiG var heller ganske tilfeldig. Eg visste eg skulle ta eit år på bibelskule, men at det skulle bli i Grimstad var det lite som tyda på. Eg sende inn søknad både til Fjellhaug og Fjellheim, og eg sa ja til plassen på Fjellhaug. Men så hørde eg at Ingrid Blom hadde søkt på BiG, så eg gjekk inn å sjekka skulen og sende inn ein søknad i same slengen. Dagen etter fekk eg svar og eg takka ja til plassen. Så var året mitt bestemt. Linja eg går på er ledelse. Eg valte den fordi eg tenkjer det er veldig relevant i forhold til seinare i livet og menighetsarbeid og i jobbsamanheng. Eg ynskjer å utvikle meg sjølv som leiar, kjenne både mine svake og sterke sider og bli bevisst på korleis eg opptrer som leiar i team/grupper og ungdomsarbeid. Mine forventingar til dette året var ikkje mange. Eg hadde ingen aning om kva eg gjekk, bortsett frå at eg skulle lære meir om bibelen og Gud. Til no har det vore heilt topp. Eg har blitt kjend med mange nye menneske, har praksisplass, bra undervisning og kjempe flott fellesskap! Forventningane til resten av året er at det skal blir enda betre!! Eg vil lære meir, både om Bibelen, apologetikk (Trusforsvar) og andre bibelfag. Og så vil eg utvikle meg enda meir som leiar.

Å gå på bibelskule er læring for livet! Du får ei god og trygg tru som du kan ta med deg resten av livet. Du møter venskap og opprettar kontaktar, får erfaringar med teamarbeid og lagrar mange gode minne!!! Så eg vil anbefale alle å ta eit år på bibelskule!

## Ingrid Blom 19 år:

Det å ta eit fri-år etter vidaregåande har alltid lagt i planane mine, og vore noko eg alltid har hatt lyst til. Så då stod det mellom to bibelskular og ein folkehøgskule der ein kunne velja bibelundervisning. Eg søkte på tre ulike og fekk først svar av BiG. Så fann eg ut at romeveninna mi frå Sygna, også hadde søkt og kome inn på BiG, så då fann me ut at me skulle gå der i lag. Eg går på leiing-linja, som er ein del av LIV-linja. Her lærer me om å vera ein god leiar og alt rundt ledarskap, om barne og ungdomsarbeid og mykje anna. Eg hadde litt leiar-erfaring frå før og trivst godt med å vere leiar for barn og unge. Me har også fått praksisplassar, der ein kan få øve på det ein lærer på skulen. BiG var ikkje heilt slik eg trudde, men eg har blitt veldig positivt overraska! Eg tenkte eg gjekk på ei idrett/friluftsliv linje med fordjuping i ledelse, men det viste seg å vera separate linjer med noko felles undervisning. Då eg innstilte meg på at det var slik det var, fekk eg nye forventningar til dette året. Eg ynskjer

å få meir kunnskap og verta sterkare og tryggare i trua og bli utfordra på ulike plan. Eg har vorte utfordra på mykje alt, blant anna det å halda andakt på møte. Dette året her vil nok bli eit av dei viktigaste åra for meg. Guds ord er noko ein aldri kan seia seg ferdig med å studera, men det eg vil lære dette året vil eg få bruk for resten av livet. Ein skaper seg mange erfaringar gjennom heile livet også inkludert dette bibelskuleåret. Det er gode erfaringar å ta med seg seinare i arbeidslivet og det kristne arbeide me skal gjera som menneskefiskarar. Så med desse erfaringane eg har gjort med til no kan eg med handa på hjarta anbefala bibelskule på det sterkaste. Dersom trua er det viktigaste i livet (noko det burde vera) bør ein kunna unna seg eit år på bibelskule.

## Bernt Kristian F. Vik 19 år:

Eg valte å gå på bibelskule for å få eit slags fri-år der eg kunne finne meir ut om trua mi. Eg tenkte at Bibelskule kunne vera ein fin plass å lære meir om dette å tru. Grunnen til at eg valte Grimstad var fordi eg hadde høyrte så mykje bra om skulen, og fordi eg hadde høyrte at dei hadde ei god musikklinje der. Hovudgrunnen til at eg valte å gå på musikklinja var fordi eg har så lyst å utvikla meg på piano. I tillegg er musikk ein viktig del av livet mitt. Eg har mange forventingar til dette året. Først og fremst har eg lyst å vekse i mitt forhold til Gud, få ein nær og personleg relasjon til min skapar. I tillegg har eg jo forventingar til å utvikle meg på piano. I tillegg lærer me mykje om det som står i Bibelen og om den kristne trua og livet generelt. Alt me lærer her er livsviktig kunnskap om livet. Eg vil verkeleg anbefale alle å ta eit år på Bibelskule. Det får deg til å tenke over kva som bør vere det viktigaste i livet ditt. Elles er det eit «konge år», der ein kan slappe av samtidig som ein kan få drive med sine interesser og samtidig vere i eit godt og varmt miljø.

## Gospel Night i Blomvåg kyrkje

Det er ikkje kvar dag det vert arrangert Gospel Night i Øygarden. Faktisk er det ein god del år sidan sist, og ein skulle kanskje tru at dette var ein utdøydd tradisjon. Det var det ikkje!

*Tekst: Hogne Berland Foto: Iselin Toft*

28. oktober var Blomvåg kyrkje fylt til randa av folk som ville ha med seg ei av årets store hendingar. Gospel Teens stod i spissen og laga ei flott ramme rundt kvelden saman med eit proft band. I tillegg var det mange solistar med som imponerte stort. Vi fekk høyre nye gospelsongar frå blant anna Oslo Soul Children, men også gamle

klassikarar som «Gospel Train» og «Lean on me». Svenn prest var med og hadde ein appell om at vi må sjå til at vi er på vinnarlaget, nemleg Jesus sitt lag. Etter at programmet var ferdig vart det rigga opp til kafé. Lat oss håpe det ikkje vert lenge til neste Gospel Night!



## INNSAMLINGSAKSJJONEN

Dei fleste i Øygarden fekk besøk av konfirmantar på døra den 9. november, og gjevargleda var stor! 31000 kroner vart samla inn til Strømmestiftelsen og KRIK sin konfirmantaksjon.

*Tekst og foto: Hogne Berland*

Då konfirmantane kom tilbake til Rong senter etter endt oppdrag, kunne dei melda om at Øygardsfolket hadde tatt godt i mot dei, sjølv om det var litt skummelt i starten. Pengane som kom inn vil hjelpe mange ungdommar i Aust-Afrika til å få eit betre liv og vil gjera at fleire får høyre om Jesus. På baksida av forrige Ønytt kan

du lesa meir om kva pengane går til. Ein spesiell takk går til alle foreldra som køyrde konfirmantane rundt! Det hadde ikkje gått utan. Og sjølvsagt ein stor takk til alle som gav!



Konfirmantleiren:

## «Gud har ein plan»

For mange konfirmantar er konfirmantleiren høgdepunktet i konfirmanttida. Det vart det nok for Øygardskonfirmantane i år òg. Lite søvn til tross. 18.-20. november gjekk turen til Sætervika!

*Tekst: Hogne Berland Foto: Bogi Benediktson*



Det såg mørkt ut frå værmeldarane si side før helga, men heldigvis tok dei i alle fall litt feil (sjølv om dei som var på padletur vart meget våte). Fotball, nattkino, Crazy Games™, bibelsamlingar, bønnevandring, kafé, band, baking, bordtennis og kveldsmøter var litt av det vi fekk tid til. Spesielt var det kjekt å høyre at mange har lyst å kome på leir igjen. Det har vi leiarane også, for desse deltakarane var (nesten) eksemplariske!

Tema for leiren var «Gud har ein plan». Vi fekk høyre om at Gud faktisk har fleire planar.

- \* Han hadde ein plan om å berga oss ved å sende Jesus til jorda, så han kunne ta vår straff.
- \* Han har ein plan om at vi skal begynne å gå på vegen til himmelen.
- \* Han har ein god plan for korleis vi skal bruka livet vårt!

*Takk for ei super helg!*



### Planar for nyttårshelga?

Har du planar for nyttårshelga? Kanskje blir det nok familiebesøk og heimekos? Då har vi ei anbefaling til deg som går i 9. kl - 3. kl vgs!

*Tekst: Hogne Berland*

Dersom du er interessert i ei annleis nyttårsfeiring, kan du gjere som mange andre ungdomar og ta turen til Sætervika i nyttårshelga. Frå 29. desember til 1. januar er det nyttårsleir. Her blir det full feiring, fyrverkeri, festmiddag, fritid og fokus på Jesus. I skrivande stund har 25 stykker frå Øygarden meldt seg på, men det er framleis plass til fleire. Ein sjanse til å feira nyttår saman med nye og gamle vener. Meir info og webpåmelding finn du på [www.setervika.no](http://www.setervika.no)!

# KJÆRE ØYGARDSVEN

Me går inn i ei travel førjulstid. Mitt ynskje for denne tida er at den ikkje blir berre fylt med stress og kav. Finn tid og rom for kos og hygge saman med familie og vener, for det er nok nokon som treng deg spesielt. Eller er det kanskje nettopp du som treng at nokon ser og har tid for deg? Del difor godhet og varme med kvarandre.

Lat oss også ha fokus på det viktigste av det viktige i adventstida at vi tek imot det vesle barnet i krybba i Betlehem som kom til vår jord for deg og meg.

*Du ser kanskje Jesus som barnet i krybben,  
og hyrder på marken og vismenn på kne,  
med stjerner som stråler og engler som synger,  
gir stemningsfull glede og budskap om fred.*

*Men har du sett Jesus som  
lider på korset, som soner for  
din skyld, som lindrer din nød.  
Og har du sett Jesus som står  
opp av graven, gir håp om et  
nytt liv og seier over død?*

**Ha ei velsigna god førjulstid**

**For Øygarden sokneråd,  
Erling Vik, leiar**



## BARNEHAGE- OG SKULEGUDSTENESTER

8. des Hjelme kyrkje kl. 10:00 Tjeldstø barnehage  
15. des Blomvåg kyrkje kl. 10:30 Terna, Havly  
og fam.barnehagane  
15. des Blomvåg kyrkje kl. 9:00 Blomvåg skule  
20. des Hjelme kyrkje kl. 09:30 Øygarden Ungdomsskule  
20. des Hjelme kyrkje kl. 11:00 Alvheim/Bakken skule  
21. des Blomvåg kyrkje kl. 9:00 Toftøy skule  
21. des Blomvåg kyrkje kl. 10:30 Rong skule

## PÅRØRANDESKULEN I ASKØY, FJELL, SUND OG ØYGARDEN

**Viktig arbeid for kommunen sine innbyggjarar:**

Er du pårørende eller nær ven til ein person med demenssjukdom? Pårørandeskulen startar kurs 25.01.2012 kl. 16.30-19.30. Ved påmelding vil ein få melding om kvar kurset finn stad. Me har fire samlingar, ein i kvar kommune. Dei andre datoane vert **01.02., 08.02 og 15.02.2012.**

På kurset får du kunnskap om demens og møter andre pårørende i same situasjon og fagpersonar med kompetanse på området.

For nærare opplysning og påmelding kontakt Bjørg Fjeldstad Tlf.56382340  
e-post adresse: [bjorg.fjeldstad@oygarden.kommune.no](mailto:bjorg.fjeldstad@oygarden.kommune.no)

**Påmeldingsfrist 18 januar 2012**

Arrangør: Kommunane: Askøy, Fjell, Sund og Øygarden i samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelsen, Askøy demensforening og Fjell, Sund og Øygarden demensforening

## ELDRETREFFA SINE FØRJULSFESTAR

### Hjelme sokn

Hjelme kyrkje, onsdag 14.des kl. 16:45.  
Frelsesarmeen kjem. Påmeldingsfrist 09.12. til Kjell Døskeland tlf 56 38 90 32

### Blomvåg sokn

Kantina på Tednebyggane



## ELDRETREFF VÅRSEMESTERET 2012

Hjelme kyrkje  
onsdagar kl. 16:45

Kantina på Tednebyggane  
torsdagar kl. 16:30

18. januar  
15. februar  
21. mars  
18. april  
23. mai

19. januar  
23. februar  
22. mars  
19. april  
24. mai

Felles tur i juni



Eldretreffa er for alle i alderen 65 + og er kyrkja sitt diakonale arbeid for denne aldersgruppa. Innhaldet varierer med song, foredrag, kåseri, lysbilette/film og andakt. Du er hjarteleg velkommen til eldretreff både i kyrkjelydssalen i Hjelme og på Tednebyggane omsorgssenter.

## FOLKET VENTAR PÅ NY BARNEHAGE PÅ TOFTØY



*Barnehagetomta på Toftøy*

Arbeidet med å opparbeida tomten til ny barnehage på Toftøy er no på det næraste avslutta. Mot slutten av året er tomten byggeklar.

I april i år gjorde kommunestyret vedtak om at NLM Barnehagene AS kan få byggja og driva barnehage på tomta som ligg nord-aust for den nye skule på Toftøy. (Sjå bilete)

Barnehagen skal ha 5 avdelingar og vil ha plass til rundt 80 born.

Det er NLM Barnehagene AS som sjølv står for bygginga av barnehagen. Målet er at den nye barnehagen skal stå ferdig utpå hausten 2012. Nærare informasjon vert gitt når framdrifta på bygginga er endeleg avklart.

Det er sårt trong for nye barnehageplassar i kommunen og den nye barnehagen vil løysa desse utfordringane. Barnehagen ligg og sentralt plassert i høve folk sitt reisemønster.



FASADE SØRVEST



FASADE SØRØST

Prosjektgruppa for tildeling av ny gateadresse i Øygarden kommune har motteke nokre få merknadar om tildelt ny adresse. Me vil difor gje litt utfyllande opplysning om at adresseendringa gjeld «bustad/hytte m.v.» og ikkje personane som bur i desse bygga.

Kommunen har hatt gards- og bruksnummer som si offisielle adressetildeling.

Dei aller fleste har no fått brev frå kommunen om at den offisielle adressa er endra til å gjelde vegnamn og husnummer.

Dette er slik å forstå at det er eigedomen med bustadhus, hytte, industribygg og off. bygg som har fått ny adresse og ikkje personar som er knytt opp mot desse bygga.

Det vert difor viktig at dei som har fått brev frå kommunen om ei ny adresse er merksam på dette og gjev melding til evt. leigetakar, (dei som bur i huset) slik at dei vert knytt til bustaden si nye adresse.

Det skal ikkje vere naudsynt å melde adresseendring for dei som eig og bur i bygningen.

Det kan hende at dei som «leiger ikkje vert automatisk knytt opp mot eigedomen sin nye adresse.

Oppliver nokon at posten ikkje kjem fram til den adressa dei bur på, må dei sjølv melde frå til Folkeregisteret om adresseendringa. Kommunen har ikkje endra den enkelte person si adresse og kan heller ikkje endre denne. Folkeregisteret er den etat som endrar den einskilde si adresse og dei må ha skriftleg dokumentasjon for endringa.

For å gje melding om adresseendring kan de nytte fylgjande internettadresse ;

<http://skattvest.no/>

«Flytting skal meldes til folkeregisteret ved skattekontoret senest åtte dagar etter flytting. Flytter du innenlands, kan du levere flyttemelding på Internett. Flytter du til utlandet, må du bruke skjema på papir.» eller via <http://flytteportalen.no>

Ein kan også vende seg til POST I BUTIKK for å få naudsynte skjema eller ringe til Posten sitt kundesenter telefon.nr. 810 00 710.

Hernar står no for tur til å få tildelt husnummer. Ein del andre øyer som det ikkje er fastbuande på vil framleis ha gards- og bruksnummer som den offisielle adressa i tilknytning til namnet på øya. Desse er bl.a. Lyngøy, Sanden, Sulo og Nordøy.

Med venleg helsing

Prosjektgruppa for ny offisiell adressetildeling

Ingunn M. Sæle og Sigrid M. Hjelm

Rong den 25.11.2011

## Øy Nytt-rosa



Øy Nytt-rosa går denne gongen til Anette Rong, Anne-Elin Dale, Unni Rong Instefjord og medhjelparane deira.



Heile 1700 sekkar med kler vart samla inn i haust til Ukraina. Det måtte kome ekstra trailer til Øygarden for å få med alle sekkane. Dei har også som mål å samle inn 1000 julepakkar til barneheimar og gateborn i Ukraina i regi av Open Hearts. I skrivande stund har dei fått inn 1040 pakkar! (Dei i Øygarden som føler dei ikkje har fått vore med dette året, får ien ny sjanse neste år.) Vi ønskjer Guds velsigning over dette viktige arbeidet!

«Alt det gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.» Matt. 25,40.

«Radiopresten» ved Sokneprest «SvennM» held fram på Kystradioen Sotra, Kystradioen Bergen og Radio Osterøy/PR.

**Tid for sendingane og frekvensar:**

(Dei beste frekvensane i Øygarden er i blå farge)

Mandag 2030-2100: Kystradioen Sotra FM

100.9/104.5/105.5

Torsdag 1830-1900: Kystradioen Bergen FM

88.6/100.3/103.3/107.5

Torsdag 1830-1900: Radio Osterøy FM

100.0/103.6/104.8/106.0/106.9

Gåver til radioarbeidet kan gjevast til gironr.: 3628.53.35781

Sparebanken Vest.

Meir informasjon:

<http://www.northernstar.no/radiopresten>

**Kjøp  
kjapt,  
trygt  
og billig**  
**KIWI** mini  
pris

Søre Sæle  
Tlf. 56 38 71 20  
Mand – fred kl.08.00 - 22:00  
Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi  
som bygger Øygarden**

 ØYGARDEN  
BYGGSENER

 TH  
BHAS BYGG

 ØYGARDEN  
BOLIGUTVIKLING

Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09  
Adr. Pålset, 5337 Rong  
www.th-bygg.no

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personer.  
Arrangerer bryllaup,  
konfirmasjonar og andre  
tilstellingar.

Kan levera mat til alle  
anledningar.  
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 56 38 93 80

## Indrøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer  
Rullestol

**Mobil: 90 59 90 59**



**Asane Begravelsesbyrå AS**  
v/Johannes Blom  
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnvakt tlf.: 5518 9000



**Fotterapi på Tednebyggane**  
omsorgssenter,  
Hver onsdag kl 0900 – 15.30.  
Timebestilling  
Salg av gavekort.

Kontakt Tove Berentsen mob nr. 97573421

## Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.  
Be om katalog og pris.  
Skrifthugging og oppussing utføres.



**Bjørn Solheimslid**  
5336 TJELDSTØ  
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen  
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet  
E-post: post@solstrands.no

*Vår erfaring - din trygghet*

 Øygarden  
elektriske AS

Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790  
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 4, 5353 Straume | samme hus som Ligningskontoret |



# SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

med 1000m<sup>2</sup>

- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

**EUROSPAR**

Fisk- og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat- og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

Bank i Butikk **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40

**Velkommen til oss**

**Ønsker du sol hjem?**

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kvekk: 56 38 73 22

**Rong Kafe a/s**  
Tlf. 56 38 74 54

Mobil: 918 56 258

Vi formidler blomster til innland og utland

**INTERFLORA**

**Blomsterbua**  
Rong Senter  
Telefon: 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong

**trend frisør** RONG SENTER

Egne priser for pensjonistar  
Langope torsdag  
TIMEBESTILLING 56 38 73 90

**Vest Modul AS**  
5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleige av brakker

Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967  
Trelastlager Tjeldstø




**Torsvik ELEKTRO**

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolanlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

**Tlf. 56 38 50 00**  
Vakttelefon: 922 34 062  
www.torsteinsvik.no

Øygarden hud & kroppspfleie skifter navn til

Og har flyttet til Ågotnes helsehus.  
Bestilling av ansiktsbehandling før 10. des = 1/2 pris (ikke gavekort)  
Følg oss på facebook.

**LT hudpleie** Velkommen til nye lokaler! Tlf 5638 9515

**YX ENERGI**

- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass

**BLOM SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
**Godkjent bilverksted**




**Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus**

**B&M Bok & Media**

Minibokhandel på kyrkjekontoret

**Bok & Media\* Vestbok**  
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen  
Tlf: 55 31 79 63  
www.vestbok.no

## TIL LUKKE!



### 70 år

- 13.nov** Norvald Johan Blom, Lauvet  
**22.nov** Torunn Oen, Krokøyen  
**10.des** Margrethe Jorun Herdlevær, Buknappen  
**10.des** Else Jorunn Rossnes, Svartemyrvegen  
**18.des** Ivar Schjetne, Knappevegen  
**23.des** Steinar Johan Stenhjem, Pålsmaset  
**26.des** Sverre Martin Haraldsen, Raudhammaren  
**6. jan** Margrethe Sæle, Bruberget  
**8.jan** Kari Græsli Nilssen, Pålsmaset  
**14.jan** Esther Rong, Vardane  
**21.jan** Magnhild Haldis Husebø, Storstovevegen

### 75 år

- 19.nov** Ingvald Rolf Pahr, Alvheimsvegen  
**10.jan** Astrid Mongstad Ødegård, Rossnesvegen

### 80 år:

- 4. nov** Gudrun Ingrid Dāvøy, Dāvøyvegen  
**17.des** Karstein Garatun, Tjødnavegen  
**26.des** Magny Beate Turøy, Rongøyvegen  
**10.jan** Ninni Johanne Renså, Sæløyvegen  
**20.jan** Magnus Dāvøy, Dāvøyvegen  
**22.jan** Oddbjørg Toft, Larsevegen  
**1.feb** Reidar Eilert Svellingen, Svellingen

### 85 år

- 29.nov** Paul Betin Torsvik, Arsetlia  
**29.nov** Klara Aletta Wilhelmsen, Tødnavegen  
**31.des** Magnhild Håheim, Nygardsvegen  
**5.jan** Ingrid Herborg Oen, Særberget  
**6. feb** Kamilla Borgny Hansen, Løtevegen

### 90 år

- 21.nov** Alette Solveig Fjeldstad, Grønhaugvegen  
**8.jan** Ingvarda Gurine Johnsen, Gkulebrekka

### 95 år

- 2.jan** Mons Andreas Toft, Tøkjet

## DØYPTE

### Blomvåg:

- Isak Blomvågnes Hammer, Skjoldingsneset
- Leander Torsvik Ellingsen, Ågotnes

### Hjelme:

- Agnes-Sofie Stølsnes Helle, Eide

## DØDE

### Blomvåg

- Bernt Johan Dale, Ternholmvegen f. 1940
- Jersy Nelborg Ulvøen, Flåteveien f. 1933
- Rasmus Sæle, S. Sæle, f. 1920



## BESØK I HEIMEN?

Ønskjer du å få besøk av prest eller diakonimedarbeidar i heimen?

Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret, så skal vi vidareformidla ønsket ditt!

Telefon: 5638 2240.

E-post: kontor@kyrkja.net



## GUDSTENESTER

### 11. des Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd

### 18. des Blomvåg kyrkje kl. 15:30

Vi syng jula inn v/ Anne Lise Grøm. Andakt v/ Hogne Berland. Barnekantoriet, Øygardskoret og Toftøy skulemusikk tek del.

### 18. des Hjelme kyrkje kl. 18:00

Hogne Berland. Gospel Teens og Rong skulemusikk tek del.

### 24. des TBOS kl. 11:00

Gudsteneste v/ Svenn Martinsen

### 24. des Hjelme kyrkje kl 16:00

Julaftangudsteneste v/ Karl Johan Hallaråker. Gruppe frå Rong brass tek del.

### 24. des Blomvåg kyrkje kl 14:30

Julaftangudsteneste v/ Svenn Martinsen. Gruppe frå Rong brass tek del

### 24. des Blomvåg kyrkje kl 16:00

Julaftangudsteneste v/ Svenn Martinsen. Gustav Landro og Julie Rong tek del med musikk og song.

### 25. des Blomvåg kyrkje kl 12:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd

### 26. des Hjelme kyrkje kl 12:00

Lekmannsgudsteneste v/ Ingvald André Kårbo

### 1. jan Hjelme kyrkje kl. 12:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd

### 8. jan Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd

### 15. jan Hjelme kyrkje kl. 11:00

Familiemesse v/ Egil Hjortland. Nattverd

### 22. jan Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Familiemesse v/ Svenn Martinsen. Dåp. Nattverd

### 29. jan Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd

### 5. feb Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd


## Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Tom Wilson



Heine Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700

www.bergenogomegn.no

### AVD. BERGEN

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

### AVD. SOTRA

2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



## Ei god og signerik julehøgtid

Frå sokneprest, stab og sokneråd til alle lesarar av ØyNytt.

Vi er til stades for å tena innbyggjarane i Øygarden!

Samstundes vil vi senda ei stor takk til alle frivillige medarbeidarar i besøksteneste, søndagsskule, barne- og ungdomsarbeid for god og trufast teneste i 2011.

«De kjenner vår Herre Jesus Kristi nåde, at han for dykkar skuld vart fattig då han var rik, så de ved hans fattigdom skulle bli rike.» (2. Kor. 8,9)

Returadresse:  
ØYNYTT  
Boks 144  
5331 RONG

**B**     
DISTRIBUERAST AV POSTEN NORGE  
NOREG P.P. PORTO BETALT

## GUDS ORD OG GUDS KROPPSVARME

Det er ikkje alltid sant at «taushet er gull». Nokre gonger kan det vere øydeleggjande å ikkje seie noko. Dersom det lenge blir stille mellom to vener, er som regel vennskapen i krise. Og dersom nokon vi er glade i knip munnen saman, tenkjer vi fort at noko er galt. Kjærleiken treng ord, gode ord.

Av Halvor Nordhaug, biskop i Bjørgvin

I jula feirar vi at Ordet frå Gud er kome til oss. Gud har noko på hjarta, han vil oss noko. I Maria si livmor skjedde det at «Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss.» (Joh 1,14). Gud grip ordet og han gjer det gjennom snikkarsonen Jesus frå Nasaret. Slik Jesus er, slik er Gud.

Gud knip ikkje igjen munnen. Vi treng ikkje lure på kva han tenkjer om oss, men kan høyre kva Jesus seier: «For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv».

Jesus går ikkje lenger rundt slik at vi kan sjå og høyre han. Men han er hos oss framleis, og ordet hans er nær kvar og ein av oss i Bibelen. Ja, det går faktisk an å seie at orda hans no er komne oss endå nærare.

I år har vi nemleg fått ei ny bibel-omsetjing. Det er ei stor og gledeleg hending.

La denne boka bli årets julegåve!


Det kan vere vanskeleg når kjende og kjære bibelord blir omsette på nye måtar. Då den fyrste nynorskbibelen kom i 1921, skal det visstnok ha vore ein eldre mann som sa: «Er det ikkje lenger godt nok at Skrifta er på det språket Meisteren sjølv tala?»

Guds ord må likevel stadig omsetjast på nytt, dersom det skal kome nær oss og røre ved oss. Språket vårt er heile tida i endring. Ord som tidlegare kunne fungere, gjer det ikkje lenger. Medan det eksempelvis tidlegare stod om kyrkja at den var Kristi «lekam» (1 Kor 12), står det no at den er Kristi «kropp». Dette er kanskje den viktigaste endringa i den nye omsetjinga. Men «lekam» er noko daudt og abstrakt i øyro våre, er kroppen levande kropp og blod.

Når kyrkja blir Kristi «kropp» blir linja trekt endå klarare til jul. Slik Jesus var ein fysisk og levande kropp som møtte menneske sine kroppslege behov, skal også vi i kyrkja vere ein fellesskap der menneske kan kome med heile livet sitt og kjenne noko av Guds eigen kroppsvarme. Måtte mange menneske i Bjørgvin få oppleve kyrkja på denne måten!



Eg ønskjer dykk alle  
ei glad og signa jul!



Halvor Nordhaug